



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Jan Vidar Voster, 5557 2034

Vår dato  
10.02.2014  
Dykkar dato  
15.01.2014

Vår referanse  
2014/864 421.3  
Dykkar referanse  
13/3715

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

### **Uttale til dispensasjonssak - Lindås - Gnr 84 Bnr 5 - Kvalvågneset - Hundvin - Oppføring / gjenreising av naust**

Vi syner til kommunen sitt brev dagsett 15.01.2014. Saka gjeld dispensasjon for oppføring av naust. Eigedomen ligg i eit område som er avsett til LNF-føremål. Tiltaket er avhengig av dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen og frå pbl § 1-8 forbodet mot bygging i 100-metersbeltet.

I følgje søknaden vil naustet få eit areal på 44 m<sup>2</sup> og det skal nyttast til oppbevaring av båt og utstyr for fiske, og til rekreasjon.

Det står mange hustufter og grunnmurar igjen mange stader. Det er ikkje ein automatisk rett å bygge opp igjen naust, hytter og liknande der berre delar av grunnmuren er att. Området naustparsellen ligg i står fram som eit ope og urørt rekreasjonsområde. Oppføring av eit naust i dette området vil etter vår vurdering føre til nedbygging av strandmiljøet. Kyst- og strandsone strekningane er av nasjonal interesse fordi dei er attraktive for allmenn fredsels og friluftsliv for allmenta, og det knyter seg ofte viktige naturverdiar, landskapsomsyn og kulturminne- interesser til desse områda. I ot.prp. nr.32 (2007-2008) s. 30 står det at strandsona i fleire fylke, deriblant Hordaland, er områder med eit sterkt utbyggingspress. I følgje statlege planretningslinjer for differensiert forvalting av strandsona langs sjøen (2011) er det i Hordaland kommunane Lindås, Askøy, Bergen, Fjell, Meland, Os, Sund og Øygarden som er plassert i kategorien der presset på arealet er stort. Fylkesmannen meiner difor det vil vera uheldig å gje dispensasjon i frå Lindås sin kommuneplanen for eit naust i dette tilfellet.

Bnr. 1 og bnr. 2 inngår i eit statleg sikra friluftsområde. Omsøkt eigedom, bnr. 5, ligg omkransa av det statleg sikra friluftsområdet, og det er også av den grunn uheldig å opne for bygging av privat naust på den omsøkte parsellen. Kvalvågnes friluftsområde er registrert i Naturbasen som eit svært viktig friluftsområde av regional verdi. Det er eit stort område som er svært mykje brukt.

#### **Fylkesmannen rår i frå at det vert gjeve dispensasjon.**

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom regional styresmakt har uttala seg negativt til søknaden, jf. plan- og bygningslova. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Kommunal- og samfunnsplanavdelinga har vore i kontakt med miljøvern- og klimaavdelinga som opplyser at dei ikkje har fått nabovarsel i saka. Grunnen til det er at Lindås kommune sendte saka til Miljødirektoratet same dag som saka vart sendt Fylkesmannen. Det skulle ha vore sendt nabovarsel til Miljødirektoratet tidlegare i saksgongen. Når Miljødirektoratet får eit nabovarsel sender dei saka til Fylkesmannen ved miljøvern- og klimaavdelinga for uttale. Dersom Fylkesmannen hadde fått denne saka til uttale ville miljøvern- og klimaavdelinga gjeve ein negativ tilbakemelding på nabovarslinga. Vi ber Lindås kommune sjå til at dei rette rutinane vert følgd for liknande saker i framtida.

Med helsing

Kari Elster Moen e.f.  
seniorrådgjevar

Jan Vidar Voster  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Miljødirektoratet Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM